

Nils Myklebust

Fra: Knut Ove Leite <Knut.Ove.Leite@vagsoy.kommune.no>
Sendt: tirsdag 5. juni 2018 14.10
Til: Nils Myklebust
Kopi: Kristin Maurstad; Rita Anett Kvamme; Terje.Heggheim@flora.kommune.no
Emne: SV: Intervju til NRK om lønsskilnadar mellom kommunar

Hei

Dette er no svart på så mange gonger at det truleg må til eit møte for å få avklart kva som ikkje blir forstått.

Ditt poeng er at det er så mykje høgre løn i Flora at det vil koste svært store beløp på å utjamne dette.

Vårt poeng er at det ikkje er grunnlag for å trekke ein slik konklusjon ut i frå gjennomsnittsløn. Det er mange faggrupper og ulike årsaker til lønskostnad.

For å ta eit eksempel. Det er omtala som ei stor utfordring at kommunasektoren har høg gjennomsnittsalder på undervisningspersonellet og at mange må rekruttere nye samtidig. I Kinn er situasjonen at Vågsøy på mange måter har gjennomført generasjonsskiftet og har mange unge lærarar med kort ansiennitet. I Flora er situasjonen motsett med høg snittalder og lang ansiennitet. På ei så stor gruppe medfører dette mykje når ein ser på snittløn

Dette vil endre seg med avgang og nyrekruttering og lønsskilnaden vil utjamne seg over tid på naturlegvis i høve ansiennitetsreglar.

Mvh Knut Ove Leite
rådmann

Fra: Nils Myklebust [mailto:nilsm@online.no]
Sendt: 2. juni 2018 09:54
Til: Knut Ove Leite
Kopi: Kristin Maurstad; Rita Anett Kvamme; Terje.Heggheim@flora.kommune.no
Emne: SV: Intervju til NRK om lønsskilnadar mellom kommunar

Til Knut Ove leite

Eg har ikkje spurt etter kav som skjer frå dag til dag.

Det eg har spurt om er bakgrunnen frå tala som er lagde inn årsmeldingane i begge kommunane.

Rådmennene må ha oversikt over kor mange timeverk som er utførde i kvar av kommunane i eit meldingsår og derav kunne gjeve svar på kor mange årsverk dette er.

Vidare så må dokke også kunne gjeve svar på kor mykje der er utbetalt i løn, kva som går under sosiale kostnader og som til slutt vil gjeve totale lønskostnader.

Dersom dokke no ikkje er i stand til å svare på dette snarast, så får eg spørje fylkesmannen. Eg er ikkje interessert i å leite meg fram i diverse linkar, det for dokke gjere.

Dersom noko er utydeleg, så får dokke ta direkte kontakt med underteikna og vi får avtale eit møte.

Mvh
Nils Myklebust

Fra: Knut Ove Leite <Knut.Ove.Leite@vagsoy.kommune.no>
Sendt: fredag 1. juni 2018 10.12
Til: Nils Myklebust <nilsm@online.no>
Kopi: Kristin Maurstad <Kristin.Maurstad@vagsoy.kommune.no>; Rita Anett Kvamme

<RitaAnett.Kvamme@vagsoy.kommune.no>; Terje.Heggheim@flora.kommune.no

Emne: VS: Intervju til NRK om lønsskilnader mellom kommunar

Hei

Tala vil varier får når statistikk vert teke ut. Tilsette går inn og ut av lønssystemet kvar dag. Difor avvik i årsverk

Linken under viser innrapportert løn til KS/PAI-register. Basert på dette er skilnaden ca 18 mill.

Å finne årsak til skilnader og reelle skilnader, er eit omfattande arbeid som først vil skje når ein går ned på gruppenivå og kva avtaler som gjeld for desse. Gruppenivå av type fagarbeidarar, sjukepleiarar mv.

Elles er det ingen automatikk med overnatta lønsutjamning. Dette må skje over tid og arbeidsgjevar vil også meine at det må skje ved bruk av avsett lønspott i lønsoppgjera.

Mvh Knut Ove Leite
rådmann

Fra: Heggheim Terje [<mailto:Terje.Heggheim@flora.kommune.no>]

Sendt: 30. mai 2018 09:15

Til: Knut Ove Leite

Emne: VS: Intervju til NRK om lønsskilnader mellom kommunar

Fra: [Asgeir Heimdal Reksnes](#)

Sendt: onsdag 30. mai 2018 kl. 09:05

Til: [Heggheim Terje](#)

Emne: VS: Intervju til NRK om lønsskilnader mellom kommunar

I mellomtiden kan du se på tabell 2.1.3 og 2.5.1a her <http://www.ks.no/fagomrader/Arbeidsgiver/analyse-og-statistikk/publikasjoner/hovedpublikasjon-2017/2.-lonnsstatistikk/>

Nils Myklebust

Fra: Nils Myklebust <nilsm@online.no>
Sendt: fredag 1. juni 2018 09.14
Til: Knut.Ove.Leite@vagsoy.kommune.no; Terje.Heggheim@flora.kommune.no; 'Kristin Maurstad'; 'Rita Anett Kvamme'; Linda Vika
Kopi: Nils Myklebust
Emne: SV: Årsverk og Lønnskostnader.

Hei
Kva tid får eg svar på dette?

Mvh
Nils Myklebust

Fra: Nils Myklebust <nilsm@online.no>
Sendt: tirsdag 29. mai 2018 22.00
Til: 'Knut Ove Leite' <Knut.Ove.Leite@vagsoy.kommune.no>
Kopi: 'Terje.Heggheim@flora.kommune.no' <Terje.Heggheim@flora.kommune.no>; 'Kristin Maurstad' <Kristin.Maurstad@vagsoy.kommune.no>; 'Rita Anett Kvamme' <RitaAnett.Kvamme@vagsoy.kommune.no>; 'Tove Lill Refvik Volle' <tlrv@online.no>
Emne: SV: Årsverk og Lønnskostnader.

Hei
Er dette klarare på kva eg ynskjer svar på? Dersom vi kan få eit svar som har ein feilmargin på +- 5% så burde det kunne godtakast.

Mvh
Nils M

Fra: Knut Ove Leite <Knut.Ove.Leite@vagsoy.kommune.no>
Sendt: tirsdag 29. mai 2018 15.34
Til: Nils Myklebust <nilsm@online.no>
Kopi: Terje.Heggheim@flora.kommune.no; Kristin Maurstad <Kristin.Maurstad@vagsoy.kommune.no>; Rita Anett Kvamme <RitaAnett.Kvamme@vagsoy.kommune.no>; Tove Lill Refvik Volle <tlrv@online.no>
Emne: SV: Årsverk og Lønnskostnader.

Hei

Når det gjeld arbeidsgiveravgift har det vore same faktum heile tida. Her henta frå Kommunereformen/departementet si heimeside:

«I kommuneproposisjonen for 2016 ble det klargjort at dersom to eller flere kommuner som befinner seg i ulike soner slår seg sammen, vil satsen på arbeidsgiveravgiften i den sammenslåtte kommunen bli videreført innenfor de «gamle» kommunegrensene som om det fortsatt var to eller flere kommuner, fram til neste revisjon. Neste revisjon vil skje med virkning fra og med 1. januar 2021. Dette betyr at den geografiske inndelingen for avgiftsnivået, som ble godkjent av EFTAs overvåkningsorgan (ESA) for perioden 2014–2020, forblir uendret. Det betyr også at ingen foretak får lavere eller høyere arbeidsgiveravgift fram til neste revisjon.

Dersom ordningen med differensiert arbeidsgiveravgift ser annerledes ut i 2021, og den enkelte kommuner får høyere arbeidsgiveravgift da, vil regjeringen vurdere kompensasjon i form av en overgangsordning for området som blir omfattet. Det er imidlertid viktig å understreke at nåværende regjering ikke kan binde opp fremtidige regjering og storting, men skiftende regjeringer har tidligere gått inn for å kompensere ved brå endringer i denne type rammevilkår.»

For Vågsøy i Kinn betyr dette at ein beheld arbeidsgiveravgifta første året i ny kommune. Kva som skjer etter 01.01.2021, er det ingen som veit fordi dette vert fastsett i ny vurdering av differensiert avgift. Ved sist endring blei område som fekk endra avgift, kompensert.

Når det gjeld løn fekk du svar same dag på det du spurde om. Eg burde ha vore meir merksam på at tala ikkje blei forstått.. Det går ikkje an å samanlikne lønsnivå slik du gjer. Årsverk og løn i dei 2 kommunane ser slik ut..

Flora:

	Tal tils.	Tal årsv	Gj.snittl st. %	Gj.sn årsløn	Gj.sn. årsløn/årsv.	Flora kommune	Landet
2017						Menn/kvinner Kvinner/menn	Menn/kvinner Kvinner/menn
Menn	215	176,12	81,92	457.575	558.579	109,39	112,3
Kvinner	789	667,08	84,55	431.596	510.596	91,41	87,7
Totalt	1004	843,1	83,98	437.159	520.522.		

Vågsøy:

Vågsøy har 468 årsverk som er fordelt på 597 tilsette. Gjennomsnittstilling for kvinner er 79,8 % og for menn 89,3 %.

Gjennomsnittlig årsløn menn er 464 500,-, for kvinner 440 500,-. Talet er basert på årsløn i 100 % stilling, utan tillegg.

Eg kan ikkje svare på kva som ligg bak tala til Flora, men dette kan vere å samanlikne eple og pærer. Tal vert ofte teken ut på ulike måter.

Begge kommunane (som alle kommunar) offentliggjer tal i sine respektive årsmeldingar.

Tal årsverk i Flora er 843 i Vågsøy 468. Tala vil variere noko etter dagen rapporten blir tatt ut.

Begge kommunane er innafor same tariffområde med same rammer for lønsendring. Grunnlaget er difor lik lønsdanning basert på same lønstabellar og ansiennitetsreglar.

Så vil det vere avvik både ut i frå at Flora er ei større kommune med fleire sjefsstillingar og har ein anna struktur. Innafor enkeltgruppe vil det også vere ulike avlønning fordi kommunane kan ha prioritert bruk av lokal pott ulikt. For begge kommunane har imidlertid dei nasjonale og lokale rammene for lønsvekst vore dei same i alle år.

Når det gjeld samanslåinga så er det ikkje slik at utjamning av løn skjer automatisk. Det skal vere virksomhetsoverdragelse der den enkelte opprettheld dei vilkår ein har. Utjamning vil skje gjennom forhandlingar med organisasjonane der både ein kan gjere dette over år og nytte av lokal pott.

Det er difor eit umogeleg arbeid å rekne på kva det nøyaktige skillet er i utgangspunktet og kva netto kostnad blir på ei utjamning.

Mvh Knut Ove Leite
rådmann

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Nils Myklebust [<mailto:nilsm@online.no>]

Sendt: 29. mai 2018 08:34

Til: Knut Ove Leite; Terje.Heggheim@flora.kommune.no

Kopi: fjordenes.tidende@fjt.no; redaksjon.fipo@amedia.no; asgeir.heimdal.reksnes@nrk.no; Betty Lovise Hessevik;

Reiel Fagerlid; Asgeir Solheim; Olav Horn

Emne: Årsverk og Lønnskostnader.

Til Rådmann Knut Ove Leite og Prosjektrådmann Terje Heggheim.

For 36dagar sidan så sendte eg eit skriftleg spørsmål til dokke som Rådmennene angående om dei tala som eg fikk oppgeve angående kor mange årsverk som var i kvar av kommunane Vågsøy og Flora og kor mykje som var dei totale lønnskostnadane av disse årsverka.

Terje Heggheim var Rådmann i Flora til 1.3.2018 , dersom det er den noverande Rådmannen som skal svare, så ber eg om at spørsmålet vert retta til han.

Når eg som kommunepolitiker og medlem av Fellesnemnda spør dokke som Rådmenn, så forventar eg å få svaret frå disse og svara skal være skriftlige.

At admin i dei to kommunane kjem med forskjellige forklaringer i media der dei sår tvil om disse talla i hytt og pine, er av liten interesse.

Det vart forsøkt å skape eit inntrykk av at det som undertegna sa om Arbeidsgjevaravgifta var berre svada. No har alle erkjent at alt eg sa om dette var rett.

Eg registrere at det same vert gjort no og dette finn eg meg ikkje i.

For å ta bort ein kvar tvil om kva spørsmåla var så skal eg friske opp hukommelsen til Rådmennene og eg skal ha svar på det eg spør om.

1. Kva er det korrekte tal utførte årsverk i Flora og Vågsøy?
2. Kva er dei totale lønnskostnadane av disse årsverka i Flora og Vågsøy.

Svara skal være SKRIFTLEGE.

Dette vil eg no ha svar på, dersom dette ikkje let seg gjere, så får eg leite opp adressa til Fylkesmannen.

Med vennlig helsing
Nils Myklebust.

Sendt fra Nils Myklebust sin ipad

29.5.2018

Til Knut Ove Leite.

Takker for raskt svar.

No har det seg slik at eg har brukt alvorleg mange reknestykke , der gjennomsnittet er ein del av dette, så dette vil eg påstå at eg har litt erfaring med.

Det er klart at ein kan bruke gjennomsnittet for å komme fram til eit budsjettall i grove trekk, dersom ein skal inn på ein bestemt sektor, så må ein sel følgeleg vite kva som er gjennomsnitta for den det angår, men det er ikkje det dette dreier seg om. Det det dreier seg om er å finne ut kor mykje denne lønsutgjevninga utgjer. Det er først då vi kan finne løysinga.

Eg tar som utgangspunkt at slik du viser i tabellen frå Flora, under gj.snitt årslønn/ årsverk så er det med bakgrunn i eit årsverk som inneheld ca 1760timar, men det er ikkje vesentleg så lenge samanlikningsgrunnlaget er likt. Korrigjer gjerne.

Der er eit avvik frå førige opplysing der du opp gav 472årsverk i Vågsøy, no er dette 468 årsverk, men 4 årsverk gjev ikkje så store utslaget.

Tabellen viser Flora si oversikt viser at dei har $843 \text{ årsverk} \times 520.522\text{kr} = 438.800\text{mill kr}$ dette skal då være utbetalt løn- skatt.

Men det eg fikk opplyst var at totale lønskostnader var på heile 721mill kr : $843\text{årsverk} = 855.278\text{-kr}$. Vi har då eit avvik som skulle være såkalla sosiale kostnader pr årsverk på $855.278\text{kr} - 520.522\text{-kr}$ gjennomsnitt løn = 334.756-kr til sosiale utgifter, dette er på over 60% så dette kan ikkje stemme.

Kva er forklaringa på dette store avviket?

For Vågsøy sin del så opplyser du at menn har 464.500-kr og kvinner har 440.500-kr.

Forskjellen er på 24.000kr.pr årsverk. Tek vi utgangspunkt i at der er 50/50 menn/kvinner så vil gjennomsnittet verte 452.500-kr pr årsverk. Men der er ikkje opplyst konkret kva dette er. Korrigjer gjerne.

Eg fekk oppgjeve at totale lønsutbetalingar i Vågsøy var på 347.220-mill kr på 472 årsverk, no er talet : $468\text{årsverk} = 741.923\text{-kr}$ pr årsverk – 452.500-kr i gjennomsnitt løn = 289.432-kr til sosiale utgifter. Dette er også over 60% og kan ikkje stemme.

Kva er forklaringa.?

Men dersom vi tek utgangspunkt i løn, så har Flora 520.522-kr og Vågsøy $452.500\text{-kr} = 68022\text{-kr}$ i forskjell $\times 468\text{årsverk} = 31.834.296\text{-mill kr}$ + sosiale kostnader.

Kva vert så det rette talet her?

Det er dette eg ber om svar på, at dette er så vanskeleg kan eg ikkje forstå.

Ang arbeidsgjevaravgift, så er det klart at etter 1.1.2021 så vert det felles sats for Kinn og der er ingen ting som tilseier at den vi verte noko anna en Flora sin i dag.

Mvh

Nils Myklebust

Lønnsforskjeller i Vågsøy og Flora				
Vågsøy	årsverk	total lønsutbetaling		gjennomsnitt
2016	465		325.073mill kr	699.081.-kr
2017	472		347.220mill kr	735.635.-kr
Florø				
2016	??		??	??
2017	843		721.000-.mill kr	855.278.-
dif 2016				
dif 2017 pr tilsett				
				119643.-kr